

F2: No må nynorskelevane få læremiddel og læringsressursar på eige språk!

Framleggsstillarar: Hege Lothe og Alexander Papas

Innstilling frå fylkestyret:

Vestland SV meiner det er på høg tid at Kunnskapsdepartementet kjem til Stortinget med eit skikkeleg lovframlegg om å tette smutthola i opplæringslova, slik at ein sikrar nynorskelevane læremiddel og læringsressursar på eige språk.

Våren 2023 vart ny opplæringslova handsama i Stortinget. Både Forleggerforeningen, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen og Språkrådet, Noregs Mållag og Norsk Målungdom og 121 ordførarar frå heile Noreg, kravde at læringsressursar som er laga til bruk i opplæringa, burde få krav på seg til å kome i bokmåls- og nynorskversjon.

SV fremja forslag i Stortinget om å stille krav til at også læringsressursar utvikla til bruk i opplæringa skulle inn i lova, men stortingsfleirtalet sa nei til dette, og vedtok derimot: *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressurser i opplæringen som ikke foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særlig nynorsk-elevenes rett til opplæring på eget språk.»*

I juni 2025, to år etterpå, la Utdanningsdirektoratet ut [kunnskapsinnhentinga utført av NIFU](#) på sine nettsider, der også Vestland fylke er ein del av kunnskapsinnhentinga. Hovudfunna syner at berre 49 av 95 undersøkte læringsressursar hadde noko innhald på nynorsk. Det er stor variasjon i graden av nynorsk innhald i læringsressursane med nynorsk og det er i mange tilfelle vanskeleg å finne fram til det nynorske innhaldet. Det vert også slått fast at lærarane vektlegg fagleg innhald i læringsressursane, og dermed må nynorskelevar bruke læringsressursane som berre er på bokmål.

Lærarane i undersøkinga fortel til dømes at dei saknar noko så grunnleggjande som læringsressursar med reine grammatikkoppgåver i norskfaget i vidaregåande skule. Det blir også understreka at det er særleg viktig med fleire nynorske læringsressursar for nynorskelevar med norsk som andrespråk eller elevar med dysleksi.

Vestland SV meiner at nynorskelevane fortener ein skulekvardag der dei som nynorskbrukarar vert tekne vare på og sikrar dei dei same rettane som bokmålselevar, også i ein digital skule. Læringsressursar utvikla for bruk i opplæringa må difor få krav om å kome på bokmål og nynorsk til same tid og pris.

No bør nynorskelevane og lærarane deira sleppe å vente lenger! Dei fortener betre! Over eit halvt år etter kunnskapsinnhentinga var ferdig, er det på tide at Kunnskapsdepartementet konkluderer med og sender eit lovframlegg til Stortinget straks.